



## Møteprotokoll

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

**Møtedato:** 18.10.2022  
**Møtestad:** Kommunehuset, kantina  
**Møtetid:** 16:15 - 17:15

Erlend Torset orienterte om arbeidet som barnekoordinator.

Sjå elles under orienteringssak.

Frammøtte medlemmer	Rolle
Helge Dyrkolbotn	Medlem
Anny Helene Sætre Bertelsen	Medlem
Mette Ekornrød	Medlem
Odd Sigvald Øksnes	Utvalsleiar
Ivar Bergsvik	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ann Kristin Leirvåg	Medlem

---

#### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Møtesekretær Ketil Tjore, barnekoordinator Erlend Torset

---

Austrheim 19. oktober 2022

Odd Sigvald Øksnes  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
022/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
023/22	Godkjenning av møteprotokoll
024/22	Meldingar
025/22	Orienteringssak
026/22	Møteplan for 2023

## **022/22: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **18.10.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i RMNF:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **RMNF - 022/22 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **023/22: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **18.10.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i RMNF:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **RMNF - 023/22 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **024/22: Meldingar**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **18.10.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Leiar Odd Øksnes orienterte om konferansen, CRPD 7. - 8. oktober (presentasjonane var sende ut med innkallinga)

- Det var på konferansen innføring i nasjonale og internasjonale lovreglane, og kva dette omfattar.
- Omfattar menneskerettar, som skal sikra at alle menneske får like moglegheiter.
- Vart vist til at det no var færre tilrettelagde arbeidsplassar enn tidlegare, har vore nedgang frå 1999.
- Dette er mellom anna aktuelt for Austrheim arbeidssenter.
- Regjeringa skal sikra ratifisering av nye internasjonale reglar, inn i norsk lov.
- Menneske med nedsett funksjonsevne er eit vidt begrep, som omfattar også menneske med dysleksi eller ADHD.
- Funksjonsnedsettinga må vera kronisk, og ikkje forbigåande, for å komma med i denne nemninga.
- Rådet kan ikkje ta opp enkeltsaker, men sjølvstilt likevel saker som vil komma enkelte spesielt til gode.
- Rådet har høve til å be om innsyn i saker for å sikra seg at det vert gjeve rett hjelp, anten det er dysleksitilbod eller anna.
- Det kan vera saker som er naturleg å ta opp i både RMNF og Eldrerådet, og begge kan støtta same saka.

----

I samband med denne saka diskuterte rådet tilbodet som kommunen gjev på Austrheim Arbeidssenter:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) viser til tidlegare innspel om Austrheim Arbeidssenter (heilt sidan 2020). RMNF ber om at konstituert kommunalsjef Kim Andre Vangberg kjem tilbake til rådet i møtet i november med vidare orientering om framdrifta, ikkje berre i eit nytt lokale men også i dagens bygg. Må sikra at arbeidssenteret har eit system for arbeidet, som sikrar at dei som har plass får meningsfulle oppgåver. Rådet oppfordrar til at det vert sett av midlar til vedlikehald, og ein eigen arbeidsleiar for arbeidssenteret.

Brevet vert sendt til kommunalsjef Kim Andre Vangberg og Bjørnar Fjellhaug.

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **RMNF - 024/22 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering

-----

### **025/22: Orienteringssak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**18.10.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Erlend Torset orienterte om arbeidet som barnekoordinator. Torset starta 1. august 2022 i Austrheim kommune, i ei delt stilling mellom PPT 60% og som barnekoordinator 40%.

- Torset skal gje rettleiing og oppfølging til foreldre med barn med ulike funksjonsnedsettingar, og koordinera eit team saman med helse. Dei skal visa vidare til ulike tenester, både PP der han jobbar, eller andre. Teamet vil også ta med seg helsesjukepleiar.
- Stillinga er ny i alle kommunar. Var diskusjon om det skulle vera under helse eller oppvekst, vart her i Austrheim lagt under oppvekst.
- Skal lagast eit digitalt system der føresette kan leggja inn bestillingar og følgja opp saker, tilsvarande systemet for PPT.
- Saksgangen vil gå tilsvarande som PPT, startar med tilmelding, PPT innhentar samtykke og dokumentasjon frå foreldra, og etter kartlegging ser ein på kva barnet heilt konkret treng av tiltak.

Etter spørsmål frå rådet:

- Koordinerer med Barnevernet dersom det er behov for det, deler informasjon for å løysa saka på best mogleg måte.
- Ser for seg at Barnevernet kan hentast inn i teamet dersom det er naudsynt.
- Det er ikkje barnekoordinator som skriv individuell plan for barn som skal ha det, men koordinator jobbar for å sikra at det skjer.

Oppmoding frå rådet:

- Må komma innspel også på tilrettelegging av fortau og gangveggar for dei barn som treng slik tilrettelegging.
- Det å kunna delta på lik linje er ein menneskerett på linje med andre menneskerettar.

Erlend Torset har e-post: erlend.torset@austrheim.kommune.no, og telefon: 56162030 og 94825548.

Handsaming i RMNF:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **RMNF - 025/22 VEDTAK:**

Orienteringane vart teke til vitande.

---

### **026/22: Møteplan for 2023**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.

### **18.10.2022 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

Handsaming i RMNF:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **RMNF - 026/22 VEDTAK:**

RMNF rår kommunestyret til å vedta møteplanen slik den ligg føre i saksutgreiinga.

---